

UiB – I VERDA

TEKST OG REDIGERING HILDE K. KVALVAAG



USA, Washington DC:

Psykologpris

I august fekk Professor Dan Olweus ved Universitetet i Bergen og Uni Helse, 2011-prisen for «Framifrå bidrag til internasjonal spreing av psykologisk kunnskap» av det amerikanske psykologforbundet, APA. Prisen vart delt ut på forbundets kongress i Washington. Olweus er den første forskaren frå Norden som får den. Grunngevinga for tildeling av prisen er at Olweus' forskning har spelt ei avgjerande rolle for den dramatiske forandringa i synet på mobbing som har funne stad i ei rekke land. Arbeidet hans har også medverka til lovendringar i mange land.



USA og Canada:

Til USAs vestkyst

Ein delegasjon frå UiB reiste i byrjinga av november til USA. Dei besøkte University of Washington i Seattle, samt partneruniversiteta i San Francisco; Stanford og Berkeley og University of Alberta i Canada. Føremålet med besøket var å styrke kontakten med viktige UiB-partnaruniversitet på Vestkysten av USA, samt å få til fleire og betre høve for utveksling av studentar.



Grønland og Island:

Straum gjennom Danmarksstredet


Nyleg dokumenterte ei internasjonal forskargruppe, leia av postdoktor Kjetil Våge ved Geofysisk institutt og Bjerknessenteret, ein ny havstraum. Den nye straumen har fått navnet Nordislandjeten og går vestover langs nordsida av Island, før den svingar sørover gjennom Danmarkstredet. Mellom 22. august og 23. september, var Våge igjen toktleiar då ei gruppe forskarar frå Noreg, USA og Island drog til sjøs med forskingsfartyet RV «Knorr» for å finne ut meir om kvar straumen kjem frå.



Frankrike, Paris:

Sjef til havs

Instituttleiar ved Geofysisk Institutt, Peter M. Haugan vart i juni oppnevnt til viseformann i UNESCOs' Inter-governmental Oceanographic Commission (IOC). Dette vart kjent under utvalet sin generalforsamling i Paris. I IOC vil Haugan jobbe for bærekraftig forvaltning av verdshava. Som viseformann skal han representere interessene til 24 nasjonar; heile Europa i tillegg til USA, Canada og Israel.



Tyskland og Finland:

Bygger museumsband

Ein delegasjon frå UiB, Statsbygg og Riksantikvaren var på reise til Berlin og Helsinki i januar i år. Reisa var eit ledd i ombyggings- og restaureringsplanene for Universitetsmuseet i Bergen (Museumsprosjekt 2014). Berlin og Helsinki har hatt tilsvarande utviklingsprosjekt som UiB, og målet for turen var å lære av erfaringane deira. – Særlig har besøka vore nyttige ved at prosjektet har fått knytta kontakter, men dei har også åpna for nye tankar og ideer inn i vårt eige prosjekt, seier seksjons-sjef Kari Klæboe Kristoffersen ved Universitetsmuseet i Bergen.